



Arkivnr: 2018/17532-1
Saksbehandlar: Arthur K. Arnesen og Hans Inge Gloppen

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 22.01.2019 |
| Fylkesutvalet | | 31.01.2019 |

Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling 2018-2019 – budsjett 2019

Samandrag

På grunn av samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar til nye Vestland fylkeskommune, vart det i februar 2018 (PS 55/2018) vedtatt at «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*» (HNH) skal gjelda for to år, berre justert for budsjettendringar i 2019. I saka er det foreslått korleis midlane til regional næringsutvikling på 67,3 mill. kroner skal disponerast i 2019. Fylkesrådmannen fremmer budsjett for «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*» til godkjenning. Det toårige programmet, som allereie er vedtatt, ligg som vedlegg til saka.

Økonomi: Handlingsprogrammet påverkar ikkje driftsresultat, lånegjeld og disposisjonsfond

Klima: Handlingsprogrammet skal fremja grøn konkurransekraft og klimatiltak i næringslivet

Folkehelse: Handlingsprogrammet legg til rette for ei samfunnsutvikling som er positiv for folkehelsa

Regional planstrategi: Handlingsprogrammet legg til rette for høg sysselsetting, eit inkluderande samfunn og ei klima- og miljøvenleg utvikling.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtar framlagt forslag til budsjett for 2019 for «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*»

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.01.2019

1. Bakgrunn

Fylkesutvalet vedtok i PS 55/2018 «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*» (HNH). Det blir difor ikkje lagt opp til nokon ny revisjon av HNH no ved årsskiftet. I den utgåva som blei vedtatt i februar var det berre budsjett for 2018. Dette fordi ein på det tidspunktet ikkje kjente rammene for eit budsjett for 2019.

HNH 2018-2019 er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland. Handlingsprogrammet gjev også føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket. Målgruppa for programmet er private og offentlege utviklings-aktørar som Hordaland fylkeskommune samarbeider med. Dei overordna styringsdokumenta for handlings-programmet er «*Regional planstrategi 2016-2020*» og «*Regional næringsplan for Hordland 2013-2017*». Sistnemnde plan er vidareført inntil nye styringsdokument for Vestland fylke er vedtatt.

«*Regional plan for kompetanse og arbeidskraft*», som vart vedtatt av fylkestinget i oktober 2017, er også viktig for handlingsprogrammet. Det overordna målet i denne planen er å skapa «*betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentlig sektor og utdanningsaktørane.*»

1.1. Tiltråding frå styringsgruppa

Regionalt næringsforum (RNF) er eit særskilt viktig samarbeidsforum for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland. Forumet skal bidra til samordna innsats for å fremje næringsutvikling i Hordaland, i tråd med mål og strategiar i gjeldande regionale næringsplan. RNF skal også fylla rolla som regional partnerskap i Hordaland knytt til forvaltning av øyremerka statlege midlar til regional næringsutvikling. RNF i Hordaland har slik samansetting:

- Regionaldirektør i Hordaland fylkeskommune - leiar
- Fylkesdirektør for Innovasjon Norge i Hordaland
- Landbruksdirektøren under Fylkesmannen i Hordaland
- Fylkesdirektøren for NAV Hordaland
- Rektor ved Universitetet i Bergen
- Regiondirektøren i NHO Hordaland
- LO-sekretæren i Hordaland
- Norges forskingsråd sin representant i Hordaland
- Leiar i Kommunenes Sentralforbund i Hordaland
- Næringsssjefen i Bergen kommune
- Næringsssjefen i Hordaland fylkeskommune
- 2 medlemmer frå Fylkesutvalet i Hordaland

RNF har vore styringsgruppe og trekt opp rammene for arbeidet med HNH 2018-2019. Budsjettframlegget er handsama av RNF 18. desember 2018, der RNF gjorde fylgjande vedtak:

1. *RNF tilrår at fylkesutvalet vedtar forslaget til budsjett for 2019 for HNH med følgjande endring: Budsjettposten bedriftsretta låne- og tilskottsordningar (A) blir oppretthaldt på same nivå som i 2018. Administrasjonen sørger for inndekning gjennom tilsvarande reduksjon i andre budsjettpostar.*
2. *RNF tilrår at unnytta og tilbakeførte midlar øyremerka RNF frå tidlegare år på totalt kr 2 365 000 blir øyremerka som tilskott til prosjektet «VC plattform» i regi av Bergen Teknologioverføring AS.*

Fylkesutvalet sine medlemmar i RNF meldte seg ugild til realitetshandsaminga av HNH i RNF.

1.2 Statlege føringar

Statsbudsjettet 2019 legg opp til ein vesentleg reduksjon for dei regionale utviklingsmidlane samanlikna med tidlegare år. For Hordaland fylkeskommune sin del vert det ein reduksjon frå 46,9 til 25,4 mill. kroner. Av denne løyvinga er inntil 21,8 mill. kroner bedriftsretta midlar som Innovasjon Norge forvaltar. Samstundes er den sterke målstyringa av midlane oppretthaldt.

I oppdragsbrevet for 2019 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet blir det peikt på at Hordaland fylkeskommune har det leiande ansvaret for utvikling, samordning og oppfølging av dei regionale måla, og for strategiane regionalt. Fylkeskommunen skal òg mobilisere og samordne ulike lokale og regionale aktørar som er viktige for regional utvikling i fylket, i tråd med dei regionale måla.

Departementet har ovanfor Siva, IN, Forskningsrådet og Distriktsenteret understreka verdien av eit godt samarbeid og samspel mellom aktørane og fylkeskommunane. Eit konstruktivt samarbeid bidreg til at dei regional- og distriktpolitiske måla blir nådde i større grad. Hordaland fylkeskommune har leiaransvaret for strategisk samordning regionalt, og skal vere ein mobiliserande og koordinerande aktør overfor kommunane, regionale aktørar, næringsliv og anna samfunnsliv i sitt fylke. I tillegg er det viktig at det internasjonale arbeidet er ein integrert del av arbeidet med å fremje omstillingsdyktige regionar. I oppdragsbrevet er løyvinga til Hordaland fordelt på følgjande postar:

Kap. 550, post 62 Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta – 21,8 mill. kr

Midlane vert forvalta av Innovasjon Norge på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune, og er målretta mot verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte. (Masfjorden, Fedje, Modalen, Vaksdal, Samnanger, Kvam, Voss, Granvin, Kvinnherad, Tysnes, Fitjar, Etne, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda, Jondal)

Kap. 550, post 64 Inkluderande og vekstkräftige lokalsamfunn – 1,6 mill. kr

Midlane skal bidra til å inkludere tilflyttarar, styrke sårbare næringsmiljø og styrke kommunane si evne til å planlegge, mobilisere og samarbeide og gjennomføre utviklingstiltak.

Kap. 553, post 60 Regionale tiltak for utvikl. av næringsmiljø og tilgang til kompetanse – 2,0 mill. kr

Midlane skal nyttast til å mobilisere til samarbeid mellom bedrifter i næringsmiljø, og betre koplingar mellom bedrifter og relevante utdanningsmiljø for å møte næringslivets behov for kunnskap og relevant arbeidskraft.

1.3 Fylkeskommunale føringar

I det vedtekte budsjettet for Hordaland fylkeskommune har fylkestinget (PS 106/2018) lagt følgjande føringar og ramar for HNH 2019:

- Øyremerking av 1,5 mill. kr til ekstra satsing på intergering av flyktningar i arbeidslivet.
- Vidareføre arbeidet med å styrke grøn konkurransekraft i næringslivet ved å øyremerke 1,5 mill. kr pluss 1 mill. kr til tiltak innan grøn partnerskap.
- Vidareføring av satsinga på Mobiforsk med kr 450 000.
- Partnerskapsmidlar til inkubatorane med totalt 1,9 mill. kr.
- Prioritere tiltak knytt til langsiktig omstillingsevne i næringslivet knytt til digitalisering, automatisering og Industri 4,0 tankegang med særleg fokus på leverandørindustri til havnæringane og anna relevant vareproduserande industri.

Dette kjem i tillegg til prioriteringane gjennom hovudstrategiane i HNH som framleis er entreprenørskap og innovasjon, næringsretta kompetanse og heilskapleg samfunnsutvikling. Det er også lagt til grunn at kr 590 000 av ramma skal nyttast til forvaltning internt i fylkeskommunen. Desse føringane blei vedtatt uendra av fylkestinget 11. desember 2018. I tillegg vedtok fleirtalet auka ramme og nye føringar som følgjer.

Regional utvikling og omstilling er ei sentral oppgåve for fylkeskommunen. Stortinget har kutta dramatisk i overføringane til næringsutvikling og nyskaping. Dersom dette kuttet ikkje vert kompensert, vil det få store negative konsekvensar for omstilling og nyskaping i Hordaland. Samarbeidspartia løyver 10 000 000 kroner til dette arbeidet. Midlane skal fordelast etter søknad og nyttast til næringsutviklings prosjekter med fokus på fornybarsatsing, ei satsing som kan redusere klimautslepp og andre tiltak innan det «grøne» skiftet.

1.4 Unyttta midlar frå perioden 2004 til 2018.

I samband med HNH-budsjettet for 2018 blei det gjort eit arbeid med rydde i unytta og tilbakeførte midlar for HNH i perioden frå 2014 til 2017, slik at desse midlane kunne bli retildelt i 2018.

I perioden frå 2004 og fram til 2013 hadde næringsplanen eit litt anna innretta handlingsprogram kalla Regionalt utviklingsprogram (RUP). Fylkesrådmannen har gått gjennom også desse rammene og budsjettområda, og det viser seg at det også her er snakk om til dels monalege midlar som dels ikkje er nytta og dels er blitt tilbakeført fordi prosjekt og tiltak ikkje har blitt gjennomført. Det dreier seg dels om ordinære søkbare midlar i tråd med satsingane i RUP dei ulike åra, totalt kr 12,7 mill. kr i statlege midlar og kr 1,02 mill. kr i fylkeskommunale midlar. Samla total ramme for statlege midlar i desse åra var ca. 670 mill. kr og tilsvarande 32 mill. kr for fylkeskommunale midlar.

I tillegg er det snakk om statlege midlar som i RUP var øyremerkt til prosjekt og tiltak knytt til internasjonalt arbeid med totalt 2,18 mill. kr. Det var også sett av midlar som var til rådvelde for RNF kor 2,36 mill. kr ikkje er nytta. I tillegg er det statlege midlar avsett til omstillingstiltak i denne perioden som ikkje er nytta, totalt kr 7,8 mill. kroner

Fylkesrådmannen foreslår at alle desse midlane blir lagt til ramma for 2019 og slik kan bli tildelt nye tiltak og prosjekt.

1.5 Finansieringskjelder og økonomiske rammer for HNH 2019

Dei samla rammene og finansieringskjeldene for budsjettet for 2019, samanlikna med 2018 er summert i tabellen under. Til tross for kraftig kutt i statlege, øyremerka midlar frå 47,0 mill. kroner til 25,4 mill. kroner, gjev tilleggslyvingar frå fylkestinget og tilbakeførte midlar frå tidlegare prosjekt eit handlingsrom omtrent på nivå med fjoråret.

| Kjelde | Budsjettpost | 2018 NOK | 2019 NOK |
|--------------|--|-------------------|-------------------|
| KMD 550.62 | Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta | 23 440 000 | 21 800 000 |
| KMD 550.64 | Inkluderande og vekstkraftig samfunn | 7 590 000 | 1 600 000 |
| KMD 553.60 | Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse | 7 000 000 | 2 000 000 |
| KMD 553.65 | Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden | 9 000 000 | 0 |
| SUM | Statlege øyremerka midlar | 47 030 000 | 25 400 000 |
| FUV-midlar | Næringsutvikling, fornybarsatsing, søkbare midlar, ny for 2019 | | 10 000 000 |
| FUV-midlar | Ordinære midlar avsett til HNH i fylkesbudsjettet | 4 455 000 | 4 515 000 |
| Overført | Renter/Unytta midlar/Unytta LUK-midlar overført til 2018 | 14 890 000 | |
| FUV- midlar | Unytta/tilbakeførte ordinære søkbare RUP-midlar 2004-2013. | | 1 028 000 |
| KMD 551.60 | Unytta/tilbakeførte ordinære søkbare RUP-midlar 2004-2013. | | 7 087 000 |
| KMD 551.60 | Unytta/tilbakeførte midlar øyremerkt internasjonale prosjekt 2004-11 | | 2 179 000 |
| KMD 551.60 | Unytta/tilbakeførte midlar øyremerka RNF 2004-2011. | | 2 365 000 |
| KMD 551.60 | Unytta og tilbakeførte midlar øyremerka Omstilling 2004-2013. | | 7 833 000 |
| KMD | Renter 2018 | | 1 067 000 |
| SUM | Nye fylkesmidlar og unytta/tilbakeførte midlar for tidlegare år | | 36 074 000 |
| KMD/FUV | Unytta midlar på søknadsbaserte postar i HNH budsjettet for 2018 | | 1 434 000 |
| KMD 553.65 | Omstillingsmidlar overført frå 2018 | | 4 426 000 |
| SUM | Overført frå 2018 | | 5 860 000 |
| TOTAL | | 66 375 000 | 67 334 000 |

Det står framleis att omlag 1,4 mill. kroner frå 2018 knytt til dei ordinære søkbare midlane sett av til tilrettelegging for næringsutvikling (B-1 til B-7 i budsjettet for 2018). Vidare står det att 4,4 mill. kroner på omstillingspotten (D Omstilling) i budsjettet for 2018. Desse er også foreslått lagt til ramma for 2019.

Samstundes var det like før årsskiftet registrert totalt 8 søknadar med total søknadsramme på 4,5 mill. kroner, som enno ikkje var handsama. Ein av desse søknadane er frå BTO, og har som formål å etablera ein venture capital-plattform (VC plattform) for å lansere eit tog av nye VC-fond for tidlegfase-finansiering av nye selskap i Hordaland. Kwart tog kan vere på om lag 500 mill. kroner. Det blir søkt om 2,5 mill. kroner i støtte til dette, og søknaden er så vidt spesiell at den er lagt inn som ei særskilt øymerka satsing i HNH 2019. Når det gjeld finansiering er det tenkt at midlane avsett til rådvelde for RNF i perioden før 2011 (totalt 2,36 mill. kroner, sjå over) blir nytta til dette.

2. Budsjettforslag HNH 2019

Basert på føringane over og tidlegare budsjettforslag tilrår fylkesrådmannen følgjande budsjett for 2019.

| Budsjettpost | Budsjett 2018 | Rest 2018 | Budsjett 2019 |
|---|-------------------|------------------|-------------------|
| A: Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta | 23 440 000 | 0 | 23 440 000 |
| A-1: Søkbare midlar forvalta av Innovasjon Norge | 23 440 000 | | 23 440 000 |
| B: Ulike næringsretta satsingar | 23 068 000 | 1 434 000 | 26 975 000 |
| B-1: Entreprenørskap og innovasjon | 4 300 000 | 200 000 | 1 600 000 |
| B-2: Relevant kompetanse | 4 300 000 | 144 000 | 1 770 000 |
| B-3: Heilskapleg samfunnsutvikling | 3 531 000 | 8 000 | 1 408 000 |
| B-4: Bransjeretta tiltak | 3 337 000 | 12 000 | 1 412 000 |
| B-5 (2018): Klimaretta tiltak | 1 250 000 | 956 000 | |
| B-5 (2019): Fornybarsatsing, grøn konkurransekraft og partnerskap og klimaretta tiltak. | | | 13 570 000 |
| B-6 (2018) : Grøn konkurransekraft | 1 500 000 | 114 000 | |
| B-6: Fylkesoverskridande prosjekt | | | 1 000 000 |
| B-7: Integrering | 1 500 000 | 0 | 1 500 000 |
| B-8: Øymerka midlar til prosjekt og program | | | |
| - VC plattform i regi av BTO | | | 2 365 000 |
| - Mobiforsk | 450 000 | 0 | 450 000 |
| B-9: Øymerka midlar til samarbeidsaktørar | 1 900 000 | 0 | 1 900 000 |
| C: Regionale etablerarfond* | 5 473 000 | 0 | 3 000 000 |
| - Bergensregionen | 3 898 000 | | 2 000 000 |
| - Sunnhordland | 792 000 | | 500 000 |
| - Hardanger | 783 000 | | 500 000 |
| D: Omstilling og nyskaping | 13 304 000 | 4 426 000 | 12 259 000 |
| E: Forvaltning | 1 090 000 | 0 | 590 000 |
| TOTAL SUM | 66 375 000 | | 67 334 000 |

*Regionale etablerarfond vart i løpet av 2018 tilført 2 473 000 kroner frå fondet med unnytta LUK-midlar

2.1 Kommenterar til postane i budsjettforslaget

A-1: Søkbare midlar forvalta av Innovasjon Norge - 23.440.000 kr

RNF tilrår at fylkesutvalet vedtar at budsjettposten bedriftsretta låne- og tilskotsordningar (A) blir oppretthaldt på same nivå som i 2018. Fylkesrådmannen har med bakgrunn i denne tilrådinga plussa på omlag 1,6 mill. kroner på den statlege ramma på 21,8 mill. kroner. Inndekninga medfører tilsvarande reduksjon i postane B-1 til B-4.

B-5 (2019): Fornybarsatsing, grøn konkurransekraft og partnerskap og klimaretta tiltak. – 13.570.000 kr

Denne posten inneheld fylgjande prioriteringar frå fylkestinget:

- Vidareføre arbeidet med å styrke grøn konkurransekraft i næringslivet ved å øyremerke 1,5 mill. kroner, pluss 1 mill. kroner til tiltak innan grøn partnerskap.
- 10 mill. kroner til næringsutviklingsprosjekt med fokus på fornybarsatsing, redusert klimautslepp og andre tiltak innan det «grøne» skiftet.
- Restmidlar på 114.000 kroner frå B-6 (2018) : Grøn konkurransekraft og 956.000 kroner frå B-5 (2018): Klimaretta tiltak.

B-8: Øyremerka midlar til prosjekt og program – 2.815.000 kroner

VC-plattform i regi av Bergen Teknologioverføring AS (BTO) – 2. 365.000 kroner

BTO har knytt til seg svært kompetente personar og miljø i dette prosjektet. Prosjektet skal etablere ein venture kapital-plattform som kan sikre fleire nye VC-fond. Det første fondet som er planlagt på denne plattformen skal investere i havromsbedrifter. Det er lagt opp til eitt nytt VC-fond kvart 3. eller 4. år, kvar med ramme på ca 500 mnok. Tilgangen på denne typen risikokapital er i dag svært dårlig i Bergen og Hordaland. Lykkast dette prosjektet kan det bety ei avgjerande fbetring på dette området. Ei slik satsing vil vera i tråd med viktige mål og innsatsområde i HNH som til dømes «*arbeide for å sikre kompetent og langsiktig kapital til nye idear og nye bedrifter, slik at fleire kjem gjennom oppstartfasen og over i ein vekstfase.*» Fylkesrådmannem vil difor tilrå at dette prosjektet får støtte..

Vidareføring av satsinga på Mobiforsk med kr 450 000 er i tråd med prioriteringa gjort av fylkestinget

C: Regionale etablerarfond – 3.000.000 kroner

Regionale etablerarfond har vore ein suksess, og vert vidareført med same sum som i 2018. Skilnaden mellom 2018- og 2019-beløpa i budsjettet har samanheng med påfyll på 2.473.000 kroner frå fondet med unyttta LUK-midlar i 2018. LUK-midlane er no brukt i tråd med formålet.

D: Omstilling og nyskaping – 12.259.000 kroner

Denne posten er sett saman av overførte midlar på 4.426.000 kroner frå 2018, og statlege midlar avsett til omstillingstiltak i perioden 2004-2013 på 7.833.000 kroner.